**Årsmelding 2018 frå Fylkestingsgruppa til Raudt Hordaland**

**Organisering av fylkestingsgruppa.**

Alle folkevalde Raudt-representantar og vararepresentantar i Hordaland fylkesting og ulike utval er likeverdige medlemar i fylkestingsgruppa. I tillegg blir Raud Ungdom og fylkesleiaren i Raudt invitert, med tale- og forslagsrett. Det siste året har tre vararepresentantar i fylkestinget (Solbjørg Marjala, Synnøve Lie Johannessen og Paloma Farlora) fått varig fritak ut denne valbolken (dvs. til fylkestingsvalet 2019). Difor har Fylkesvalstyret i Hordaland og Hordaland fylkesting i 2018 godkjend ei rekkje endringar i Raudt si fylkestingsgruppe.

Gruppa ser no slik ut:

Fylkestingsrepresentant: Terje Kollbotn

Vararepresentantar til fylkestinget: Arild Borgen, Inge Abrahamsen og Jeanette Syversen

Representant i Utval for opplæring og helse (OPHE): Jeanette Syversen

Vararepresentantar i OPHE: Arild Borgen og  Ingeborg Hordvik

Representant i Kontrollutvalet: Terje Kollbotn

Vararepresentantar i Kontrollutvalet; Asne Hagen og Frank Mo

Representant i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne: Ingeborg Hordvik

Vararepresentant i klagenemda: Daniel Ducrocq

Vararepresentant i Vestlandsrådet: Jeanette Syversen

Medlem av valnemda: Terje Kollbotn

Varamedlem i valnemda: Arild Borgen

Terje Kollbotn er gruppeleiar i fylkestingsgruppa, med Arild Borgen som varagruppeleiar. Etter årsmøtevedtak i Raudt Hordaland i 2018, er gruppeleiar i fylkestingsgruppa automatisk medlem av fylkesstyret, med varagruppeleiar som vararepresentant.

Fylkestingsgruppa har hatt fem gruppemøter i 2018, samt god kontakt via ei felles e-postgruppe og facebook-gruppe. Det har vore vanskeleg å få på plass ein permanent sekretærfunksjon. I hovedsak har fylkessekretær Torill Frøise og fungert som gruppesekretær, bortsatt frå ein periode våre 2018, då sekretær i Raudt Odda, Sindre Måge, var gruppesekretær.

Fylkestingsgruppa har i løpet av 2018 utarbeidd retningslinjer for fylkestingsarbeidet vårt i Hordaland. Dei vart presentert på felles fylkeskonferanse og nominasjonsmøte for Raudt i Hordaland og Sogn og Fjordane (Raudt Vestland) i 17. og 18.november 2018, og endeleg vedtatt på møtet i fylkestingsgruppa dagen etter. Desse retningslinjene ligg vedlagt denne årsmeldinga og bør godkjennast på fylkesårsmøtet 2019.

Fylkestingsgruppa har starta arbeidet med å oppsummere vårt arbeid i valbolken 2015-2019. Eit førebels politisk rekneskap 2015-2018 vart lagt fram på felles fylkeskonferanse i november 2018. Fylkessekretær Torill Frøise har laga eit kort videopresentasjon basert på denne oppsummeringa.Denne vart og vist på denne felles fylkeskonferansen.

Fylkestingsgruppa tok initiativ til ei felles skoleringshelg for dei første 15 fylkestingskandidatane for Raudt Vestland ved valet i 2019. Dette vart gjennomført i januar 2019 for 13 av dei 15 toppkandidatane.

Terje Kollbotn har representert fylkestingsgruppa på distriktsårsmøtet til Norsk Arbeidsmandsforbund i Sogn og Fjordane i Norheimsund i mars 2018 og fylkesmøte om fylkestingsvalet 2019 i Raudt Rogaland i Stavanger i oktober 2018. Jeanette Syversen var Raudt sin representant på regionskonferansen til LO i Hordaland på Voss i november 2018.

## Viktige politiske saker i 2018

### Nei til fagforeningsknusing

På fylkestinget i Hordaland på Stord i juni 2018, reiste Raudt ein interpellasjon og framlegg til fråsegn om fagforeningsknusing på Sotra. Framlegget var slik:

> *«Hordaland fylkesting vil arbeide for  å utvikle eit seriøst og organisert arbeidsliv. Difor er fylkestinget  i Hordaland sterkt kritisk til utviklinga ved Sund Laksepakkeri (tidlegare Norse Production) på Sotra.*
>
> *Hordaland fylkesting vil på denne bakgrunn oppmode partane i arbeidslivet om å finne fram til ei løysing der respekten for tariffavtalesystemet og retten til fagleg organisering blir ivaretatt.*
>
> *Hordaland fylkesting vil og oppmode regjeringa og Stortinget om å styrke lov- og regelverket for å hindre useriøse verksemder i å omgå regelverket gjennom stråselskap eller konkurs».*

Dette framlegget frå Raudt vart vedtatt med 29 (R, SV, AP, SP og 1 MDG) mot 26 (FrP, H, V, KrF og 2 MDG) røyster og fekk god mediadekning, m.a. på nettstaden www.frifagbevegelse.no og lokalavisa Vestnytt på Sotra.

Fylkestingsgruppa engasjerte seg deretter for å få Raudt på Stortinget til å fylgje opp med eit lovendringsframlegg for å stoppe slike forsøk på fagforeningsknusing. Dette lovendringsframlegget vart offentleggjort i NRK, BA, Vestnytt og www.frifagbevegelse.no 2. november. Det fekk stor støtte under regionskonferansen til LO i Hordaland same dag.

### Nei til anbod i kollektivtrafikken

Etter fleire rundar i fylkestinget, kom endeleg saka om konkurranseutsejing eller offentleg drift og vedlikehald av Bybanen opp i fylkestinget i juni. Raudt hadde jobba mykje med denne saka og vore ein pådrivar i media for kollektivdrift i offentleg regi. I sluttvoteringa røysta berre Raudt, SV og AP for offentleg drift og vedlikehald, mens fleirtalet (inkludert SP og MDG) røysta for fortsatt konkurranseutsejing.

I fylkestinget i oktober reiste Raudt fylgjande grunngjeve spørsmål til fylkesordføraren om Bybanen/Keolis:

> *«Fleirtalet i Hordaland fylkesting gjekk inn for på nytt å konkurranseutsetje Bybanen i Bergen, i staden for ein modell i med drift i eigenregi.*

*I slutten av august melder Bergensavisen (BA) og andre media at det fransk-eigde Keolis har teikna ny kontrakt om drift av Bybanen, som er 100 % eigd av fylkeskommunen.*

*Samstundes melder media at Keolis regnar med eit større overskot, samnstundes som sjåførar ikkje lenger har tid til å gå på toalett i arbeidstida  og faktisk risikerer å pisse i buksa på jobb.*

*På dette grunnlag ber eg fylkesordføraren om å svare på fylgjande spørsmål:*

1. *Har den nye Bybanekontrakten med Keolis blitt dyrare eller rimelegare for fylkeskommunen og Bybanen?*
2. *Kor mange andre firma tok del i anbodsprosessen og kor langt unna låg dei i pris i forhold til Keolis?*
3. *Korleis er løns- og arbeidstilhøva (inkludert arbeidstid og pauser) og pensjonsrettar for dei tilsette regulert i den nye kontrakten med Keolis?»*

Svara frå fylkesordføraren og fylkesrådmannen var uklåre på fleire punkt, og må fylgjast opp av fylkestingsgruppa.

**Evaluering av sykkel-VM**

I fylkestinget i juni reiste Raudt fylgjande forslag:

*«Hordaland fylkesting ber fylkesrådmannen leggje fram ei evaluering av sykkel-VM og ein samla oversikt over fylkeskommunen sine direkte og indirekte utgifter i samband med gjennomføring av arrangementet».*

Dette framlegget frå Raudt vart samrøystes vedtatt. I fylkestinget i oktober la fylkesrådmannen fram ein førebels oversikt over ekstrautgifter under sykkel-VM og  lova å kome attende til fylkestinget med ei endeleg evaluering og oversikt over totale budsjettsprekk når rekneskapen etter sykkel-VM er gjort opp etter fleire rettslege oppgjer som kjem.

**Sentralbadet scenekunst**

I fylkestinget i juni kom denne saka opp etter mykje diskusjon både i bystyret i Bergen og i fylkestingsgruppa.

Løyvinga på 5 mill. som fylkesrådmannen foreslo, vart samrøystes vedtatt. Raudt fremma fylgjande tilleggsforslag:

*«Hordaland fylkesting går inn for at opprustning og framtidig drift blir fullfinansiert av staten.*

*Båda Carte blanche og BIT Teatergarasjen er institusjonar av både internasjonal og nasjonal karakter.*

*Carte blanche er dessutan definert som det nasjonale kompaniet for samtidsdans, og bør difor bli finansiert 100% av staten på lik linje med andre statlege institusjonar. Denne finansieringa bør ikkje berre dekkje drifta, men og opprustning av bygget kompaniet skal vere i.»*

Forslaget frå Raudt vart samrøystes vedtatt oversendt til utval for kultur og regional utvikling (KIRU) for vidare drøfting.

## Nytt fylkesbygg

I fylkestinget i mars vart ved samrøystes vedtatt å ta initiv til å ruste opp dagens fylkesbygg til meir moderne og miljøvenleg standard, inkludert nytt romprogram. Berre SV og Raudt gjekk inn for å støtte dei tilsette sitt ynskje om mellombels flytting til Nøstet i stadenfor til Sandsli. I fylkestinget i oktober gjekk alle partia minus Raudt inn for å rive dagens fylkesbygg og byggje eit nytt til 900 mill.

Raudt framma fylgjande alternative forslag:

> *«Hordaland fylkesting går inn for å utsetje saka til Stortinget har avklara kva meiroppgåver, aukar ressursar og stillingar som eventuelt blir overført til Hordaland og Sogn og Fjordane.*
>
> *Då kan Hordaland fylkeskommune betre dimensjonere og prosjektere nytt fylkeshus.»*

## Regionsreforma

I fylkestinget i oktober 2018 reiste Raudt fylgjande interpellasjon om status i regionsreforma:

*Då Hordaland fylkesting handsama spørsmålet om samanslåing mellom Hordaland og Sogn og Fjordane den 3. februar 2017, vedtok fleirtalet:*

> *«Om den nasjonale regionreforma får som utfall at tal fylke/regionar vert ført vidare på tilnærma dagens nivå og Stortinget ikkje finn grunnlag for å overføre viktige samfunnsoppgåver frå statleg til regionalt folkevald nivå, vil fylkestinget at Hordaland held fram og vert vidareutvikla som eige fylke / eigen region frå 2020».*
>
> *20 månader seinare, er desse to føresetnadene etter Raudt sitt syn enno ikkje oppfylt.*
>
> *Det er framleis uvisse om Finnmark og Troms i nord og Buskerud, Akershus og Østfold i aust blir slått saman til eitt fylke - i alle fall utan tvang - og Nordland, Møre og Romsdal, Rogaland og Oslo vil uansett halde fram som eigne fylke. Framleis kan det store fleirtalet av innbyggjarane i dette landet kome til å bu i fylke som ikkje blir slått saman.*
>
> *Den andre føresetnaden om at viktige nye oppgåver/ansvarsområde blir overført frå statleg nivå, er heller ikkje oppfylt enno. Regjeringa har varsla ei oppgåvemelding 19.oktober i år, basert på Hagen-utvalet sine framlegg i februar. Signala til no, heller ikkje etter avtalen mellom regjeringspartia og KrF 24.september, tyder ikkje på dei heilt store endringane når det gjeld desentralisering av viktige samfunnsoppgåver og verkeleg makt frå sentralt hald ut i distrikta. Og for dei oppgåvene som skulle bli overført i 2020, står spørsmålet om overføring av ressursar framleis heilt ope fram til 2020.*
>
> *Eg finn faktisk grunn til å sitere VG den 4.september i år, der avisa slår fast på leiarplass: «Arbeidet med å slå sammen norske fylker til større regioner må være noe av det sletteste politiske håndverk på lang tid»*

*Nyleg har både partileiar Jonas Gahr Støre (AP) og Trygve Slagsvold Vedum (SP) kritisert regionreforma som «eit makkverk» som saknar «legitimitet» og «forankring» i folket . Sidan Arbeiderpartiet (og Senterpartiet) i Hordaland fylkesting til no har vore positive og lojale til reforma og samanslåingsprosessen med Sogn og Fjordane, vil eg gjerne utfordre fylkesordføraren til å svare på fylgjande spørsmål i fylkestinget:*

1. *Meiner fylkesordføraren at føresetnadene i fylkestingsvedtaket i Hordaland 3. februar 2017 er oppfylt?*

2. *Om svaret er nei, kva forventningar har fylkesordføraren til at desse føresetnadene blir innfridd av regjeringspartia og Stortinget - og i tilfelle korleis meiner fylkesordføraren desse føresetnadene må bli innfridd av Stortinget for Hordaland og Sogn og Fjordane?*

3. *Kan fylkesordføraren støtte eit forslag om at Hordaland fylkesting tar endeleg stilling til regionreforma når vi kjenner det endelege utfallet i Stortinget, inkludert meiroppgåver og meiransvar og dei reelle konsekvensane av dette for Hordaland og Sogn og Fjordane?*

4. *Vil fylkesordføraren kunne gå inn eit forslag om å invitere innbyggjarane i Hordaland og Sogn og Fjordane til ei rådgjevande folkerøysting om samanslåingsprosjektet etter at Stortinget har tatt endeleg stilling til alle sider av regionreforma inkludert inkludert konsekvensane for våre to fylke – for å finne ut om reforma verkeleg har forankring i folket her vest?*

*Framlegg til vedtak:*

1. *Hordaland fylkesting tar endeleg stilling til om føresetnadene for samanslåingsvedtaket mellom Hordaland og Sogn og Fjordane er oppfylt, etter at Stortinget har slutthandsama saka om regionreforma og oppgåvemeldinga og konsekvensane for våre to fylke er avklara?*

2. *Hordaland fylkesting går inn for at saka blir lagt ut til innbyggjarane i ei rådgjevande folkerøysting i dei to fylka før fylkestinget tar endeleg stilling til eventuell samanslåing.*

Svaret frå fylkesordførar Anne Gine Hestetun (AP) var klårt og tydeleg Ho meinte at alle føresetnader for samanslåing mellom Hordaland og Sogn og fjordane alt var oppfylt av regjeringa og Stortinget. Ho avviste difor realitetshandsaming av Raudt sitt framlegg.

**Budsjett 2019**

I fylkestinget i desember fremma Raudt eit heilskapeleg, alternativt framlegg til fylkesrådmannen si innstilling. Framlegget med grunngjeving ligg vedlagt denne årsmeldinga. Dette fekk berre Raudt si røyst. Deretter røysta Raudt imot alle andre budsjettalternativ.

**Jernbanepakke IV**

Raudt fremja på mars-møtet i fylkestinget fråsegn om å stoppe den udemokratiske prosessen med å konkurranseutsetje Bergens- og Vossebanen. Diverre fekk ikkje denne

fleirtal, då MDG stemte mot.

**Bergen private gymnas og Metis akademiet**

Raudt Hordaland har heilt sidan 2015 jobba for å avdekkje pengestraumen til dei to kommersielle vidaregåande skulane Bergen private gymnas og Metis akademiet. Etter fleire tilsyn viser det seg at skulane har brote Friskulelova fleire gonger ved at pengar i form av eigenbetaling og offentlege tilskot har gått til eigarane istaden for at dei har gått til elevane.

På fylkestinget stilte vi spørsmål om fylkesordføraren ville  ta initiativ overfor Utdanningsdirektoratet for at § 7-2a i Friskoleloven blir iverksatt, og gledeleg nok får vi dette opp som sak på neste fylkestingsmøte.

Helsing fylkestingsgruppa til Raudt Hordaland

Terje Kollbotn (gruppeleiar)

Rødt

# Beretning for Rødt Askøy 2018

## Styre 2018

**Årsmøtet 2018 valgte følgende personer i styret:**

Leder: Martin Nordstrøm Brunet
Nestleder: Torill Jørgensen Frøise
Sekretær og representant til fylkesstyret: Trine Nordstrøm Brunet
Økonomiansvarlig og ansvar for folkevalgtsarbeid: Inge Abrahamsen
Styremedlem: Eirik Nepstad
Styremedlem: Synnøve Lie Johannesen
Styremedlem: Roar Rauø
Vara styremedlem:  Vigdis Skjellin

Det siste året i posisjon i kommunestyret, sammen med AP, SV, MDG og Askøylisten, har vært et hektisk, men godt år som parti for Rødt Askøy. Det har gitt oss enda større mulighet til å påvirke utviklingen av politikken i kommunen, både gjennom kommunestyret og gjennom vår plass i utvalg for oppvekst. I tillegg har vi gjennom deltakelse på folkevalgtkonferanse, verv i fylkesstyret og tillitsvalgte som har vært aktive på flere arenaer i løpet av året, sørget for at Rødt Askøy er representert i utviklingen av partiet og i det viktige samarbeidet vårt med fagbevegelsen.

Avslutningen på året har dessverre vært preget av politisk kaos, da vi har mistet flertallet i kommunestyret på grunn av kommunestyrerepresentant som meldte seg ut av AP. Dette endte året med at vi ikke fikk flertall for vårt budsjett. Budsjettet og økonomiplanen som ble vedtatt er etter vårt syn urealistisk og uforsvarlig. Vi skrev og sendte derfor en omfattende begrunnet lovlighetskontroll til Fylkesmannen sammen med de andre posisjonspartiene. Fylkesmannen fant at budsjettet var lovlig, men at økonomiplanen var ulovlig. Dette fører altså til at Askøy kommune må styre etter opposisjonens budsjett som er uten eiendomsskatt.

## Medlemsutvikling

Ved årsskiftet hadde Rødt Askøy 26 medlemmer, mens vi hadde 22 ved årsskiftet i 2016. Dette er vi fornøyd med, men det er også potensial til å øke medlemsmassen ytterligere i tiden som kommer. Mye av fremgangen antar vi kommer av at vi har drevet gode valgkamper lokalt og sentralt, og at vi har fått inn en representant på Stortinget. Vi antar også at vår innsats i kommunestyret på Askøy har gjort at flere har sett oss som et reelt alternativ.

## Sentrale verv

Nestleder i Rødt Askøy, Torill Frøise, har i perioden vært fylkessekretær for Rødt Hordaland og leder  i Skeivt nettverk, Vestlandet.

Trine Nordstrøm Brunet har vært fast representant i fylkesstyret, og har deltatt på alle møter i perioden. Synnøve har hatt fritak fra sine verv som vara i utvalg for helse og oppvekst og som 2. vara til fylkestinget dette året p.g.a. sykdom.

## Lokale verv

* Inge Abrahamsen – medlem i kommunestyret og utvalg for oppvekst, vara i formannskapet og valgnemnda. Deltar på alle posisjonens formøter til formannskap og gruppeledermøter.
* Synnøve Lie Johannesen – leder i råd for funksjonshemmede, vara i kommunestyret og utvalg for oppvekst.
* Trine Nordstrøm – nestleder i klagenemnda.
* Torill Frøise - vara i kommunestyret, utvalg for teknikk og miljø og utvalg for oppvekst.
* Eirik Nepstad – vara i eiendomsskattnemnd, klagenemnda, kommunestyret og utvalg for oppvekst.
* Vigdis Skjellin – vara i kommunestyret.
* Jannicke Kristiansen Eichner – medlem i konfliktrådet.

Lokalt sitter vi dessuten i ulike samarbeidsutvalg for barnehager og skoler. Totale oversikter finnes på nettsidene til Askøy kommune og Hordaland fylkeskommune.

## Aktiviteter

**3. mars: Aksjonsdag Rettssikkerhet for kvinner**
Styret deltok i den nasjonale aksjonsdagen for rettssikkerhet for kvinner. Vi delte ut flyers på Kleppestøkaien og la resten av flyerne på biler som stod parkert der.

**1. mai: 1. mai-arrangement på Folkets hus**
Rødt Askøy var en av fire arrangører, inkludert Fellesforbundet, og hadde i 2018 ansvar for tildekking. Bystyrerepresentant i Bergen, Sofie Marhaug, og den gang nestleder i Rød ungdom, Eirik Wichstad, holdt appeller. Det var ca. 15 Rødt-medlemmer som deltok på arrangementet.

**9. juni: Regnbuedagene**
Flere fra Rødt sitt styre deltok i paraden under Regnbuedagene i Bergen.

**23. juni: Popvenstre, Oslo**
Seks av styremedlemmene deltok på Popvenstre, som er en festival for politikk og kultur arrangert av Rødt sentralt. Her fikk vi møtt mange av våre partikamerater og fikk mange viktige inntrykk både kulturelt og politisk.

**25.-26. august: Folkevalgtkonferanse, Oslo**

Inge Abrahamsen deltok både som foredragsholder og tilhører/deltaker. På konferansen deltok ca. 100 folkevalgte i Rødt fra hele landet. Gjennom foredrag, gruppearbeid og diskusjoner ble det delt erfaringer om alt fra samarbeid med andre partier, budsjett og det meste som angår å være eller å bli folkevalgt. Inge har mottatt flere henvendelser fra andre folkevalgte etter konferansen. Mange erfaringer og utforminger av politiske vedtak har da blitt delt til andre kommuner.

**8. oktober:**
Styret hadde utvidet styreseminar hjemme hos Synnøve og Torill der vi diskuterte både valgkamp, program og andre viktige saker.

**17. november: Nominasjonsmøte Rødt Vestland**
Rødt Askøy hadde tre delegater på nominasjonsmøtet, i tillegg var nestleder tilstede i form av at hun er fylkessekretær. Rødt Askøy gjorde seg bemerket ved at vi utfordret kandidaten som var foreslått på 2. plass.

**14. januar: Medlemsmøte**
Medlemsmøte med pizza og innledning om NATO. 15 medlemmer møtte opp, og det ble også tid til sosialisering og orientering om kommunestyrearbeidet.

## Det politiske arbeidet

Inge Abrahamsen er vår gruppeleder og faste representant i kommunestyret og utvalg for oppvekst. I løpet av året har han vært representert på alle kommunestyremøter og alle møter i utvalg for oppvekst. Det har det vært formøter og gruppeledermøter med posisjonen ukentlig. Det er i disse møtene mye av politikken som fører til senere vedtak utvikles.

I tillegg har vi deltatt på diverse gruppeledermøter med hele kommunestyret, ulike samlinger og seminarer i regi rådmannen, befaringer, budsjettmøter, møter med KFU, Fagforbundet, Idrettsrådet på Askøy, elevrådet ved Kleppestø ungdomsskole, ungdommens kommunestyre og ulike interessegrupper.

Å være i posisjon i kommunestyret er både spennende og utfordrende, og vi er fornøyd med at vi kan være med å trekke posisjonen til venstre, noe vi vet trengs i kommunen.

Rødt var med på posisjonens alternative budsjett, som dessverre ikke ble vedtatt. Dette har endret det politiske bildet på Askøy. I dette budsjettet fikk Rødt mange gjennomslag. De viktigste er beskrevet i hovedinnlegget som Inge Abrahamsen holdt i budsjettdebatten i kommunestyret som i sin helhet ligger på vår webside.

*Samfunnsøkonomisk handler det om å se på alle som viktige ressurser, å investere i dem på en måte som gir gevinst for fellesskapet når flere får være med. I sitt hovedinnlegg tok Inge utgangspunkt i* ***Rødts nasjonale prioriteringer der*** *Askøy kommune ville fått 42.624.000 i økte frie inntekter, uten økning i skatt for de som tjener under 600.000. Lokalt vet vi alle hvordan de midlene kunne løftet noen som virkelig trenger det her i kommunen. I tillegg ville mange, uavhengig av hvor de kommer fra, kunne hatt god nytte av øremerkede midler til bl.a. tannhelsereform, gratis barnehage for 5-åringer og økt barnetrygd.*

*Punkter som ble trukket frem i innlegget var at vi ønsker å øke sosialhjelpssatsene som hadde stått stille i alt for mange år til nasjonalt nivå, og ikke la barnetrygden være med i beregningen av disse. Vi trakk også fram at miljøveilederne i skolene må beholdes, at vi ønsker gratis leirskole og levende nærmiljø på Askøy. Bemanningsnorm i barnehage og ingen prisøkning for SFO og kulturskole var andre viktige punkter. I tillegg ønsket selvsagt Rødt å beholde mottaket for enslige mindreårige flyktninger.*

*En annen vinnersak for oss dette året var at vi fremmet en interpellasjon der vi spurte om Askøy kommune kunne* heise regnbueflagget utenfor rådhuset under Regnbuedagene Bergen Pride i 2018. Dette fikk tilslutning fra alle forutenom KrF, og dermed opplevde vi for første gang regnbueflagg på Rådhusflaggstengene èn uke i juni. Dette fikk vi også et flott oppslag i Askøyværingen om.

### Økonomi

Rødt Askøy sin økonomi er god. De fleste medlemmene på Askøy er rødrever, og flere har økt sin månedlige innbetaling. Vi vil etter innbetaling av politikergodtgjørelser til sentralt ha et overskudd totalt på lokal konto og reskontro på kr. 103.528.

Økonomisk bevegelse og økonomisk plan kan leses detaljert i regnskap og budsjett. Den økonomiske situasjonen til lokallaget har endret seg radikalt i positiv retning, ettersom godt-

gjørelser for politisk folkevalgtarbeid tildeles partiet, halvparten som lokal andel. Dette gir oss både handlingsrom og overskudd.

**Media og henvendelser**
Vi har hatt en del debattinnlegg på trykk i Askøyværingen. Disse kan alle leses på nettsiden vår:
*Vi har flere store oppgaver foran oss (uttalelse fra årsmøte)*
*Fra hashtag til handling*
*Offentlige tjenestepensjoner raseres*
*Vil SP fjerne bompengene på Askøy?*
*Vårt fokus har særlig vært å løfte opp barn, unge og de som har minst*

I tillegg har vi blitt nevnt i media blant annet når det har vært kommunestyremøter, men også i redaksjonelle saker. Det har blitt svart på en rekke henvendelser fra lokalavisen, interesse-organisasjoner, privatpersoner og skoleelever. Rødt Askøy har egen side på Facebook som oppdateres jevnlig og Twitter-konto. Enkeltmedlemmer legger også ut saker fra Rødt Askøy på sosiale medier privat.

**Samarbeid med andre organisasjoner**

Rødt Askøy har gjennom folkevalgtsarbeidet kommet mer i direkte kontakt med ulike organisasjoner og aktører enn før. Vi har mottatt direkte henvendelser fra bl.a. Utdanningsforbundet, Fagforbundet, KFU, FAUer og foreldre i Askøyskolen, Noregs Mållag, Kulturlogen, idrettslag, velforeninger, ANF, ansatte i kommunen, diverse utbyggere, privatpersoner og skoleelever. For fjerde år på rad var vi med i 1. mai-komiteen på Askøy. Av Rødt ble det holdt to gode appeller.

**ÅRSBERETNING RØDT ETNE**

Vi hadde et åpent møte den 30 januar med Reidar Strisland hvor det møtte 11 stykker og 3 meldte avbud. Etter møte satte vi ned interimsstyre bestående av:

Leder: Vigdis Madssen

Sekretær: Alice Zalfani

Kasserer: Finn Madssen

Vara: Mohamed Zalfani

Vi har hatt et medlemsmøte hvor det ble planlagt at vi skulle ha årsmøte, listekandidater og saker vi brenner for.

# Årsmelding Raudt Kvinnherad

Vi har hatt eit medlemsmøte.  Delteke på fellesmøtene i SF før kommunestyremøta.  Gaute har vore ein markert representant i kommunestyret.  Una er med i kontrollutvalet. Har hatt godt samarbeid med SV.

**Sak 03 01-2019**

**Årsmelding for Raudt Odda I årsmøteperioden: 29.01.2017 - 23.01.2018**

**01 Årsmøte 2018**

Årsmøte 2018 blei avholdt 29.01 på LO-Huset. 9 medlemar møtte.

**a) Viktige vedtak**

Det blei vedtatt at Raudt Odda skal bytta namn ved utgangen av 2018 til Raud Ullensvang for å samansvara med kommunesamanslåinga.
Det blei og lagt frem forslag om å dela leiarvervet/nestleiar vervet i to til organisatorisk leiar og politisk leiar for å få betre arbeidsfordeling i organisasjonen. Dette blei ikkje behandla men ført vidare til neste årsmøte

**b) Val**

Følgande personar blei valt på årsmøtet;
Leiar: Terje Kollbotn 1 år
Nestleiar: Odd I. Olsen 2 år
Sekretær: Sindre J. T. Måge 2 år
Styremedlem: Elisabeth Hauge 1 år
Varamedlem: Renate Espe Aase 1 år
Varamedlem: Dijana 1 år

Anna:
Fylkestyre Sindre J. T. Måge
Vara i Fylkestyre Odd I. Olsen
Revisor Trond Seim

**02 Styret 2018**

Styret har bestått av:
Leiar: Terje Kollbotn
Nestleiar: Odd I. Olsen
Sekretær: Sindre J. T. Måge
Kasserar Christine Taklo Schmidt
Styremedlem: Kristian Kjellstadli
Styremedlem: Elisabeth Hauge
Varamedlem: Øyvind Magne Paulsen
Varamedlem: Renate Espe Aase
Varamedlem: Dijana

Styret har i år møtte cirka 1 gong i månaden med 13 styremøter sida årsmøtet 2018. Styret har vore aktivt men har vore prega av ein litt liten kjerne denne perioden og ein skeiv fordeling av arbeidsoppgåver. Kasserar har diverre i mindre grad deltatt i øvrig styrearbeid grunna priroitering av utdanning, familie og arbeid.

**03 Kommunestyregruppa**
a) Kommunestyrerepresentanter: Terje Kollbotn og Elisabeth Hauge, med vararepresentantar Jane Ripley, Odd Idar Olsen, Christine Taklo Schmidt, Vidar Våde, Sigbjørn Helskog, Solveig Våde og Frode Hjørnevik.
b) Driftskomiteen: Elisabeth Hauge, med vararepresentantar Christine Taklo Schmidt, Sigbjørn Helskog og Karin Rasmussen.
c) Utviklingskomiteen: Terje Kollbotn, med vararepresentantar Odd Idar Olsen, Solveig Våde og Oddbjørn Helle.
d) Kommunalt Råd For Funksjonshemma: Jane Ripley, med vararepresentant Solveig Våde

**04 Øvrige verv:**
**a) Fylket:** Terje Kollbotn har vore fylkestingsrepresentant og medlem I Kontrollutvalet**.**
**b) Sjukehusutvalet:** Terje Kollbotn
**c) Fellesnemnda for nye Ullensvang Kommune:** Terje Kollbotn

**05 Organisasjon**
Me har hatt relativt god medlemsaktivitet denne perioden, med 4 medlemsmøter, cirka eit i kvartalet og Raud laurdag i november. Me har og hatt fleir utdelingar av Raudt Nytt avisa, samt aksjon mot vald mot kvinner før 8.mars, 1.mai og deltatt på fleire grendamøter om samanslåinga av kommunen.

**a) Medlemsutvikling**
Det har ikkje kome så mange nye medlem sida sist årsmøte, men det har vore 3 nye innmeldingar i 2018. Fleire har diverre ikkje betalt kontingent I 2018. Betalande medlemar ved utgangen av 2018 er 26.

**b) Medlemsmøter**

Me har hatt 4 medlemsmøter iløpet av 2018, tema for medlemsmøta 2018 har vore:
Kommunesamanslåing
Flaumsikring av Opo

Valkamp 2019
Kraftpolitikk - ACER
Kommunebudjsett 2019
Oppmøte har vore godt på møta med cirka 10 medlemar på kvart møte (som er ⅓ av medlemsmassen). Intensjonen har vore å engasjere medlem og gje innsikt i dei politiske prosessane og sakane som er pågåande, samt skapa opne forum for å ta del i den politiske utviklinga til partiet.

**c) Partikontor**

Me har etablert oss godt på kontoret I LO-huset, men har ikkje klart å få til nokon god opprydding på kontoret i løpet av perioden, som har gjort det mindre gunstig å bruka kontoert aktivt. Men møterommet på LO-Huset har vore ein god ressurs som me har tatt god nytte ut av i året som har gått. I haust underteikna me og leigaravtale med LO-huset førebels for eitt år.

**d) Samarbeid og nettverk**

Me har samarbeida med interesseorganisasjonen for flaumsikring av Opo, med å ta initativ for salg av t-skjorter for å skapa merksamd og økonomi for vidare politisk arbeid og aktivisme for flaumsikring utan kraftverk.

**06 Økonomi**

31.12.2017 - 29726,74 på konto (med 4331,23 til gode frå Raudt Sentralt)
31.12.2018 - 31475,49 på konto (med 18785,73 til gode frå Raudt Sentralt)

**07 Politikk**

Me pangstarta denne perioden med eit konsentrert motsandsarbeid mot EU-direktivet ACER, og bygging av kraftkablar til Skotland frå Sima elva i Eifjord. Dette førte til ein større debatt rundt kraftpolitikk i Noreg. Raudt Odda var ein stor pådrivar for at dette blei satt på dagsorden i andre lokallag i Hordaland og nasjonalt. Me blei diverre møtt med eit nederlag då ACER blei stemt inn i Stortinget i mars av regjeringspartia og AP og MDG, men debatten rundt kraftpolitikk har heldigvis fortsatt.

Kampen for å verna Opo har og fortsatt etter at Raudt sto nesten åleine I første runde,, og det har vore mykje frem og tilbake, frå rotete voteringsprosesser i kommunestyret som førte til uheldige vedtak til ein vurdering frå NVE som speila vår analyse av problemet. På godt og vondt har saka stått litt stille så det er endå moglegheitar for fullverdig flaumsikring utan kraftverk framover.

Samanslåinga av den nye kommunen har prega vårt politiske arbeid. Slik det er med alle reformer så er det mykje dytting og draging frå alle sidar. Høge leiar lønningar i den nye kommunen, samsvaring av søppeltømming og kildesortinering (Odda har ein kommunal ordning, medan Ullensvang og Jondal nyttar seg av det selskapet “Indre Hardanger Miljøverk) har vore kildar til overaskande mykje kontrovers. Raudt sørgar for at tiltak som vil minka forskjellane og sørga for betre velferdstilbud i den nye kommunen står på dagsorden i forhandlingane, trass i mykje motstand frå dei andre partia.

**08 Komunalpolitisk arbeid**

Kommunestyregruppa har hatt gruppemøter i forkant av kommunestyremøtene med varierande oppmøte. I tillegg har fast representant og vararepresentantar i Driftskomiteen og Utviklingskomiteen samarbeidd om viktige saker i komiteane. Mange vararepresentantar til kommunestyret og I komiteane har fått høve til å møte det siste året.

Dei største sakene i denne perioden har vore:
Flaumsikring av Opovassdraget utan kraftverk.
Krav om tariffavtale i kommunen sin anbodspolitikk, og at det ikkje skal nyttast bemanningsbyrå i kommunale oppdrag.
Budsjettet for 2019.
I tillegg har Terje Kollbotn som Raudt sin representant i Fellesnemda for nye Ullensvang kommune foreslått reduserte leiarløner, eigen kulturetat og krav til ein miljøvenleg renovasjon i kommunal regi.

**a) Budsjett 2019**

**09 Øvrige Aktivitetar**

Iløpet av denne perioden har Raudt Odda arrangert 2 opne aktivitetar for medlem og andre interesserte, Raud Pub, kveld til 1. Mai og Raud Laurdag 20. November. Me skulle gjerna ha arrangert fleire Raud Laurdag sida dette har vist å vere ein god måte å samlast rundt ein rekke tema for å få opplæring og bryna vår politiske forståing.

**a) Raud Pub**

Raud Pub blei prega av ein litt forhasta mobilisering og sein publisering av program, som førte til at ferre enn ønskja møtte opp, og i eit såpass stort lokale som Litteraturhuset blir det endå meir synleg. Alt i alt, var det ein veldig koseleg kveld, med godt program og god stemning.

**b) Raud Laurdag**

Tema for denne samlinga var politiske program der me skaut gjennom ein heil rekke med

relevante politiske tema som me potensielt burde ha med i den nye plattformen. Det var godt oppmøte med spanande debattar og gode innleiingar som forhåpentleg gav eit godt grunnlag for å utvikla eit relevant og gripande politisk program.

**10 Sluttord**

Perioden har i stor grad vore prega av prosessen rundt samanslåing, det har både vore mykje i media samt vore sentralt på mange medlems og styremøter. Me håpar at iløpet av arbeidet me har gjort rundt dette har me nådd ut til nye menneskjer der våre prinsipp rundt å minka forskjellene og gje betre vilkår til arbeidarane i den nye kommunen har resonnert og legg eit teppe for eit brakval for Raudt Ullensvang og Raudt Vestland i 2019.

# Beretning 2018 for Rødt Sotra

Året 2018 har bestått av å prøve å øke aktiviteten og få et aktivt lokallag.
Det er blitt skrevet flere innlegg i lokalavisen (Vestnytt) for å vise at vi er tilstede i kommunene.

Det har kommet 9 nye medlemmer dette året.

Det har blitt avholdt et årsmøte i 2018. Styret har hatt jevnlig kontakt via epost og telefon så det er ikke blitt avholdt styremøter i 2018

I perioden har styret bestått av:

Nils Bjarte Sæle, Leder og kasserer
Lars Vassende, Nestleder
Kenneth Straume, Styremedlem

Vi har vært representert som følge:

Styret Rødt hordaland, Nils Bjarte Sæle
1.vara landsstyret, Nils Bjarte Sæle

# Sak 3-19  Årsberetning for Rødt Bergen 2018

## Innledning

Årsberetninga er en oppsummering av aktiviteten i Rødt Bergen det siste året. Meldinga er skrevet av styret i Rødt Bergen, og dekker ikke hele bredden av aktiviteter i partiet, men vi prøver å vise hovedtrekkene i utviklingen. Året bærer preg av en opptur pga det gode valgresultatet ved sist Stortingsvalg, og vi har høstet fruktene det gir å ha en representant på Stortinget.

Vi starter med å gå gjennom hva som har skjedd i lokallagene, siden dette er grunnstenene i partiorganisasjonen. Videre følger en gjennomgang av styrearbeid, og mer eller mindre organiserte fellesaktiviteter, frontarbeid, aktivisme, bystyrearbeid og til slutt medlemsutvikling.

## Rødt Bergen Sentrum

Styret for laget har bestått av:
Leder: Odd Arild Viste
Økonomiansvarlig: Mailiss Solheim
Medlemmer:  Åshild Austegard, Åsmund Røyrvik, Stian H. Stavland
Vara: Hilde Langkjær Losnegård

Til Rødt Bergen sitt styre:

Se vedlagte årsmelding.

## Rødt Bergen Nord

Styret for laget har bestått av:
Leder: Christian Florelius
Økonomiansvarlig: Roy Henrik Eriksen
Styremedlemmer: Alex Tarkan Sen, Jeanette Syversen,
Vara representanter: Frank Mo og  Andreas Lamberg Opsahl
Lagets representant i styret til Rødt Bergen: Christian Florelius

Se også vedlagte årsmelding.

## Rødt Bergen Sør

Styret for laget har bestått av:
Leder: Maria Vignal
Økonomiansvarlig: Hilde Therese Johansen
Styremedlemmer: Stein Rage, Terje Alnes

Lagets representant i styret til Rødt Bergen:
Vara:

Se også vedlagte årsmelding.

## Rødt Bergen Vest

Styret for laget har bestått av:
Leder: Ingeborg Hordvik
Økonomiansvarlig: Anders Baste Revheim
Styremedlemmer: Eirik Svensson
Vara: Ivar Jørdre

Lagets representant i styret til Rødt Bergen:

Se også vedlagte årsmelding.

## Rødt Studentlag i Bergen

Styret for laget har bestått av:
Leder: Henrik Madsen
Økonomiansvarlig: Lars Rosseland
Styremedlemmer:

Lagets representant i styret til Rødt Bergen: Anastasia Garbar

Se også vedlagte årsmelding.

## Styrearbeid

Styret til Rødt Bergen har hatt 11 styremøter iløpet av perioden. På møtene har styret gått gjennom lagsarbeid og økonomi, samarbeidet med Bergen Rødt Ungdom og planlagt Rødt Forum.

Alle lokallagene har vært representert i styret, i tillegg til ein del faste verv og frittståande medlemmer.

Her er en oversikt over styremedlemmene i perioden:
Leder: Jeanette Syversen
Nestleder: Marte Teigen
Sekretær: Torill Frøise
Kasserer: Roy Henrik Eriksen
Styremedlem: Odd Arild Viste
Styremedlem: Mailiss Solheim
Styremedlem: Thorleif Berthelsen
Styremedlem: Åshild Austegård

Styremedlem: Maria Vignal
Vara styremedlem:
Sør: Thorleif Berthelsen
Nord: Christian Florelius Vara:
RU: Ayan Warsame, etter august 2018: Liv Müller Smith-Sivertsen

## Bergen Rød Ungdom

Leder, Marie Follesø, høsten 2018: Liv Müller Smith-Sivertsen

Se vedlagt rapport.

## Kulturfront

Kulturfronten er en arena der kunstnere bevisst kan bruke ulike uttrykksformer for å belyse samfunnsspørsmål. Kulturfronten har bidratt med dikt og musikk på markeringer.

## Kvinnenettverket

Rødt Bergen sitt kvinnenettverk har i denne styrepreioden arrangert tre møter; et i forbindelse med Kvinnefestivalen den 14. mars, et med innleder fra Rødt sentralt med fokus på hvordan man kan få kvinner mer aktive i partiet og en førfest til Womens's march Bergen. I tillegg har vi noe aktivitet i den lukkede gruppen på Facebook.

## Skeivt nettverk

Skeivt nettverk i Rødt er et nettverk for skeive (lhbtqi*) i hele landet. Nettverket arbeider i samsvar med Rødts program, vedtekter og vedtak. Skeivt nettverk, avd Vestlandet har ikke vært veldig aktivt foruten om under Regnbuedagene det inneværende styreår. Dette skyldes at alle har hatt mye annet å gjøre. Nettverket har dog vært aktivt på sosiale medier.

## Rødt forum

Dette styreåret har vi arrangert følgende Rødt forum:

**14. mars: Rettsikkerhet for kvinner i «verdens mest likestilte land»**.
Innledning ved leder i Kvinnepolitisk utvalg i Rødt, Helle Borgen.

**28. april: Hvordan bekjempe høyreekstremisme?**
Innledning ved spesialrådgiver med fokus på ekstremisme ved Antirasistisk Senter, Shoaib Sultan.

**4. juni: Acer – Hva Nå?**
Kampen om vannkrafta under EU/EØS. Innledning ved Terje Kollbotn.

**30. oktober: Ett år på Stortinget**
Innledning ved partileder Bjørnar Moxnes

**25. oktober: Kvinner i Rødt - Hvor trykker skoen?**
Silje Josten Kjosbakken, organisatorisk nestleder i Rødt og gruppeleder i bystyregruppa Sofie Marhaug innledet om feminisme og kvinnekamp.

Oppmøtet på forumet med Bjørnar Moxnes var veldig bra, der vi måtte avvise en del folk i døren. Dette møtet ble imidlertid streamet, slik at enda flere hadde mulighet til å få det med seg. På de andre møtene har vi fremdeles en del å gå på.

Møtene har vært promotert på Facebook, webside, via plakater og løpesedler.

## Andre aksjoner, demonstrasjoner og møter

I løpet av styreåret har vi deltatt på følgende aksjoner, demonstrasjoner og møter:

**Kvinnedagen 8. mars**
Rødt deltok både i toget og i arrangering av Rød pub.

**1. mai**
Rødt deltok i planleggingen og gjennomføringen av begge togene, med særlig vekt på solidaritetstoget. Ellers deltok Rødt på både Rød Pub og «Rød på Landmark».

**9. juni: Parade, Regnbuedagene i Bergen**
Årets parole var «Nei til Rikshospitalets behandlingsmonopol. Transpersoner fortjener bedre!» Rødt hadde ikke stand i Pridepark, noe vi bør vudere i 2019 siden det er valgår.

**23. juni: PopVenstre**
Popvenstre er en festival som arrangeres av Rødt for grasrota, for de sosiale bevegelsene og for kultur som vil noe. Den ble arrangert for tredje gang i 2018. Mange medlemmer fra Rødt Bergen var tilstede på festivalen også i år.

**25. august: Fest for folk flest (FFFF)**
Fest for folk flest ble en ubetinget suksess også i 2018 som det var året før. Det var debatt med tema «Lønsslaveri? Er arbeidsmarkedet i ferd med å brutaliseres?» med etterfølgende konsert med Josefin Winther! Det var vanskelig å finne noen som kunne være med i panelet siden det krasjet med en sentral Rødt-konferanse.

**20. oktober Aksjonsdag mot NATO**
Rødt hadde aksjonsdag mot NATO i hele landet den 20. oktober, og i Bergen delte vi ut løpesedler tre ulike steder i byen.

**20. oktober: Aksjonsdag mot Trident juncture**
Rødt hadde stand i Marken og sammen med Rød Ungdom på Torgallmenningen. Utdeling av løpesedler og Rødt Nytt. Appell og musikk (gettoblaster) på Torgallmenningen.

Medlemmer i Rødt og Rød Ungdom var aktiv i forberedelse og gjennomføring av demonstrasjon mot NATO og Trident Juncture-øvelsen på Vågsallmenningen 27.oktober. Både Rødt og RU hadde appell, samt diktlesning. Markering ble dekket av BT.

**27. oktober: Budsjettverksted med Rødt Bergen**
Bystyregruppa inviterte, i samarbeid med styret i Rødt Bergen, til et åpent budsjettverksted for det alternative budsjettet som ble lagt frem på budsjettmøtet i bystyret i desember. Vi fikk besøk av Blindeforbundet og Pensjonistforbundet som kom med innspill som bystyregruppa tok med oss videre i prosessen. I tillegg møtte ca ti medlemmer opp. Budsjettverkstedet var dessverre litt dårlig forberedt, og få organisasjoner svarte på vår henvendelse.

**29. oktober: «Forsvar abortloven!»**
Demonstrasjon til støtte for dagens abortlov. Sofie Marhaug holdt demo for Rødt.

**1. november: Operasjon dagsverk**
Årets Operasjon dagsverk gikk til inntekt for palestinsk ungdom. Rødt Bergen hospiterte for en ungdomsskoleelev som hospiterte på Rødt-kontoret. Han var med og så etter israelske varer i butikken, skrev en sak til nettsiden og stekte vafler til de som kom innom.

**15. november: Debatt på Metis akademiet**
Leder i Rødt Bergen Jeanette Syversen deltok i panelet som ellers bestod av blant annet Audun Lysbakken (SV) og Marte Mjøs Persen (AP). Temaene var alt fra abort til klima.

**17. november: «Ikke rør abortloven!»**
Demo i regi av blant andre Rød ungdom Bergen.
Gruppeleder i Rødts bystyregruppe Sofie Marhaug og nestleder i Bergen Rød ungdom Sunniva Vik holdt appell.

**29. november: Demonstrasjon mot regjeringens forslag om kutt i stipendet**
Anastasia Garbar holdt appell for Rødt.

**19. januar: Women's March**
Rødt Bergen deltok på Women's March Bergen, og arrangerte også en førfest på kontoret dagen før med innledning, mat og sosialisering.

**Andre arrangementer vi har deltatt på:**
* Løvetannmarsjen
* Fakkeltog mot pels
* Krystallnatten
* Støttedemonstrasjon for kurderne

## Studiearbeid
Studiegruppen har hatt møter med fokus på Kapitalen og andre marxistiske tekster.

## Bystyrearbeid

Det siste året har bystyregruppen hatt en jevn aktivitet, med en relativt stabil bystyregruppe bestående av Sofie Marhaug som gruppeleder og Torstein Dahle. Varaer er Tora Finne, Marte Teigen, Mathias Furevik, Odd Arild Viste, Magne Hagesæter, og gruppesekretær er Torill Føise. Gruppen har hatt gruppemøter hver måned for å forberede bystyremøtene, i tillegg til et budsjettmøte. I løpet av året har tre av varaene vært representanter på bystyremøter. Vi ser på dette som positivt, da flere får prøvd seg. Marhaug sitter i tillegg i komitè for skole, barnehage og idrett og Dahle i komitè for helse og sosial. Også her har varaene vært inne på noen møter.

Bystyret har fremdeles forbedringspotensial når det kommer til å samarbeide med partiorganisasjonen for øvrig. Det kan likevel trekkes frem at de faste representantene blant annet har innledet på medlemsmøter, og ellers samarbeidet med den digitale skrivegruppen. Rapport om det politiske arbeidet deles ut på årsmøtet.

## Bergen - medlemsutvikling

| Fylke | Lag | 2017 | 2018 | Kontroll | Utvikling | utvikling i prosent |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Bergen Nord | 44 | 65 | | 21 | 47,73 % |
| | Bergen Sentrum | 71 | 112 | | 41 | 57,75 % |
| | Bergen Sør | 118 | 106 | | -12 | -10,17 % |
| | Bergen studentlag | 17 | 10 | | -7 | -41,18 % |
| | Bergen Vest | | 82 | | 82 | #DIV/0! |

Medlemstallet har økt betraktelig i forhold til 2017. Rødt Bergen har gått fra 250 medlemmer ved årsskiftet 2016/17 til 375 31. desember 2018.

* Rødt Bergen Sør/Vest ble delt i to lag; Rødt Bergen Sør og Rødt Vest. Ved årsskiftet 2016/17 hadde Rødt Bergen Sør/Vest 118 medlemmer

Det er relativt få av de nye medlemmene som har blitt aktive.

## Organisatorisk

Torill Frøise er ansatt som gruppesekretær for Rødt Bergen, og har arbeidssted delvis på kontoret på Magistraten og delvis på Rødt-kontoret i Hans Tanks gate.

## Økonomi

Rødt Bergen har i år byttet bankforbindelse, vår bank er nå Landkreditt, www.landkredittbank.no banken er pr dagsdato, gebyrfri på transaksjoner vi i hovedsak benytter.

Vi kommer ut med i pluss, i forhold til budsjett, dette skyldes i hovedsak at vi har fått avstemt reskontrolister mot sentralt, differansen er inntektsført i årets resultatregnskap. Lønnsutgifter, som er vår største utgiftspost, er over budsjett det skyldes forholdsvis godt lokalt lønnsoppgjør.

Rødt Bergen vokser, da vokser også transaksjoner, for at styret til enhver tid skal ha oversikt over økonomien, bør vi jobbe mot hyppigere oppdateringer av de økonomiske forhold opp mot Rødt sentralt og fylket.

Ellers vises det til regnskap med noter, som vil bli sendt ut før årsmøtet.

## Media

Rødt Bergen har også i denne perioden vært i media med ulike saker. Vi har hatt innlegg og oppslag i både BA, BT, NRK, lokalaviser og Klassekampen.

## Forslag til vedtak

*Årsmøtet tar årsberetningen til orientering*

*Vedlegg:*
Årsmeldinger fra lokallagene, Bystyregruppa og Bergen Rød ungdom (ikke vedlagt 2. utsendingen da de ikke var kommet inn til kontoret)

# Årsmelding for Raudt Kvam 2018

Meldinga gjeld nærare bestemt perioden mellom 10.03.2018 og 18.02.2019

## Styret

Styret har vore: Håvard Gjerde (leiar), Karen Noer Korssjøen (skrivar), Frank Mo (kasserar)

Førre årsmøtet vart halde på eit tidspunkt då det var eit definisjonsspørsmål om kor vidt me var nok medlemmar til å vere eit lag. For å unngå at leiar og kasserar kom frå same husstand vart kasseraren i Hordaland Raudt, Frank Mo, valt som kasserar også i Kvam Raudt. Dette har fungert greitt. Det har ikkje vore styremøter i perioden.

## Medlemmar

Medlemsutviklinga har vore god i perioden: frå 3 til 7 medlemmar, det vil seie ei auke på 133%. Den eine medlemmen er busett i Bergen og vert rekna inn på nokon sentrale oversikter -på andre ikkje. Viss denne medlemmen ikkje vert rekna inn har me gått frå 2 til 6 medlemmar, og det vil seie ei auke på 200%. Uansett er me nøgde med tala.

## Aktivitetar

**Medlemsmøter**: På grunn av lang innkøyringstid av nytt sentralt medlemssystem tok det lang tid før me vart klar over at me hadde fått fleire nye medlemmar. Derfor har det berre vore to ordinære medlemsmøter i perioden, eitt i november 2018 og eitt i januar 2019.

**Ope møte:** Det vart halde ope møte på Kvam Rådhus 29. januar med valkampssekretær Reidar Strisland som innleiar. Møtet var vellukka.

**Raudt Hordaland/ Vestland:** Raudt Kvam hadde ein utsending på stiftings- og nominasjonsmøte i Raudt Vestland 17. november 2018.

**Hypersys:** leiaren deltok 29. januar på «webinar» om hypersys, ein medlemsportal som no fungerar godt.

**Valkamp:** styret og medlemmane har arbeidd etter evne med listestilling dei siste månadane av årsmøteperioden. Facebooksida vår vert jamnleg oppdatert.

## Økonomi

Denne delen gjeld perioden 01.01.2018- 01.01.2019

Kapital per 01.01.2018: 11 734,50 kr
Kapital per 01.01.2019: 14 992,00 kr

Overskot for perioden: 3 257,50 kr

Det har ikkje vore brukt pengar i perioden. Inntektene har vore laget sin lott av medlemspengar og raudrev.